



Retningslinjer for tildeling av økonomisk støtte til trafikktryggingstiltak.

Møre og Romsdal fylkeskommune løyver, gjennom vedtak i Samferdselsutvalet, kvart år midlar til "Støtte til trafikktryggingstiltak

Kven kan søke? Alle lag/organisasjonar som på frivillig og ideell basis arbeider med trafikktrygging.

Det kan til dømes vere:

- Frivillige organisasjonar og lag, burettslag, velforeiningar, idrettslag, ungdomslag og bygdelag.
- Skoler, FAU og barnehagar.

Kva for tiltak kan få støtte?

Støtte kan gis til tiltak som har ein **klar effekt på trafikktrygginga** i kommunane eller fylket. Det kan tildømes vere:

- Informasjon, kampanjar, tilstellingar, møter og liknande som er knytt opp mot trafikktrygging.
- Bygging av små og lite kostnadskrevjande fysiske tiltak. Privat gate og vegbelysning på spesielt trafikkfarlege stader/strekningar, siktforbetringar, sikring av leikeplassar som ligg trafikkfarleg til og liknande. Fysiske tiltak må utførast etter godkjente planar.

Andre vilkår:

- Det skal vere ei deling av kostnadane mellom søkar og fylkeskommunen. Søkars eigendel skal normalt vere 50 % av den totale kostnaden på tiltaket/prosjektet.
- Det blir normalt ikkje gitt støtte til tiltak som skal dekkjast av – eller er ein del av kommunen eller andre myndigheiter sitt ansvar.
- Det blir normalt ikkje gitt støtte til tiltak som blir tildelt tippemidlar. Unntaket er når støtta kan utløyse tippemidlar til eit tiltak som har klar effekt på trafikktrygginga.
- Samferdselsutvalet skal kunne gi støtte etter eit visst skjønn.
- Støtta frå fylkeskommune skal normalt ikkje overstige kr 30 000.
- Tiltak/arrangement som er ein del av førarkortopplæringa, kan ikkje bli tildelt støtte gjennom denne ordninga.

Framgangsmåte Når det blir søkt om økonomisk støtte skal vedlagde søknadsskjema nyttast.

Søknadsskjema er tilgjengeleg på Møre og Romsdal fylkeskommune sine nettsider www.mrfylke.no

Søknaden skal innehalde ein omtale av tiltaket/prosjektet som ein ønskjer gjennomført og eit kostnadsoverslag/finansieringsplan med tidsplan for gjennomføring. Når det i tillegg søkast om midlar frå andre offentlege eller private institusjonar, skal dette gå fram av søknaden.

Søknad om støtte til reise skal innehalde reisemåte, pris pr. person og talet på personar.

Søknader om støtte til fysiske tiltak som krev tekniske planar og kostnadsoverslag, skal vere utarbeidd i samråd med kommune/vegeigar. Det skal leggast ved kart med forklaring. For støtte til fysiske tiltak vil det i hovudsak vere snakk om delfinansiering frå fylkeskommunen. Søknadene må derfor innehalde opplysningar om den totale finansieringa av tiltaket.

Søknadsfrist Det er satt to årlege søknadsfristar for ordninga. 1. mars og 1.september, søknadene vil bli behandla på førstkommande møte i Samferdselsutvalet etter søknadsfristen.

Søknaden sendast til:

Møre og Romsdal Fylkeskommune – Vegavdelinga, Fylkeshuset, 6404 MOLDE

Eller til epost: post@mrfylke.no

Behandling Vegavdelinga går gjennom alle søknader og kan innhente uttale frå andre instansar, og tilleggsopplysningar frå søkar, om nødvendig.

Samferdselsutvalet gjer vedtak om tildeling av støtte etter innstilling frå Vegavdelinga. Alle søkarar får beskjed om vedtaket i saka. Vedtaket kan ikkje påklagast av søkar.

Tiltak/prosjekt som får midlar frå Samferdselsutvalet skal ved årets slutt sende inn rekneskap som viser at løyvde midlar er nytta som føreset.

Om midlane ikkje blir nytta som føreset innan rimeleg tid, kan Samferdselsutvalet krevje midlane tilbakebetalt. "Innan rimeleg tid" vil bli vurdert i høve til oppgittframdriftsplan for tiltaket/prosjektet. jf. praksis for 50/50 midlar.

Retningslinene er sist oppdatert 20.02.2020 etter organisering av ny vegavdeling i Møre og Romsdal fylkeskommune.